

---

Saknr:	2021/22304-2
Saksbehandler	Hilde Merete Bjørnsdotter Withammer
Dato:	07.10.2021

---

---

**Til:** Administrasjonsutvalet

---

**Frå:** Fylkesdirektøren

---

## Vidare bruk av heimekontor – auka fleksibilitet

Vestland fylkeskommune har basert på erfaring med bruk av heimekontor under pandemien, eit ønskje om å leggje til rette for auka fleksibilitet og vidare bruk av heimekontor. Det er samstundes viktig å bevare og utvikle ein organisasjonskultur og ein identitet gjennom samhandling og fysiske møteplassar. Medarbeidarar, som har oppgåver som kan løysast utanfor basekontoret, kan inngå avtale om å arbeide frå heimen inntil 2 dagar per veka. Unntaksvis og ved særlege høve kan det avtalast fleire enn 2 dagar i veka. Næraste leiar må sjå til at det er sett av dagar for samhandling og fysisk nærvær per eining/seksjon.

Heimekontor i snitt mindre enn 1 dag i veka over ein periode, og/eller av kortare varigheit enn ein månad krev ikkje eigen avtale etter forskrifta. I desse tilfella må det avtalast frå gang til gang med næraste leiar.

Fylkeskommunen vil understreke at det er ein moglegheit for auka fleksibilitet som det leggst til rette for. Krav frå arbeidsgivar om tilgjengelegheit og nærvær vil kunne komme før omsyn til ivaretaking av ein inngått avtale. Ein avtale fordrar fleksibilitet hos den tilsette ved at det kan oppstå situasjonar der avtale om dagar på heimekontor må endrast som følge av oppstått behov for nærvær (f.eks. beredskap) frå arbeidsgivar.

Ordninga er tillitsbasert. Arbeidsgivar tilrår at avtalar om arbeid i arbeidstakers heim i første omgang vert inngått med varigheit fram til juni 2022.

Retningslina som er utarbeidd tar utgangspunkt i at arbeidsstad er definert i arbeidsavtalen, og det er den føretrekte oppmøtestad. Arbeid heimanfrå må avtalast særskilt, enten ved eigen avtale eller frå gang til gang (når det er kortvarig/tilfeldig). Ein føresetnad med avtalen er at arbeid heime skjer i den tilsette sin bustad. Arbeid frå hytte eller annan stad krev særskilt avtale med næraste leiar.

Vi arbeider med ei digital løysing av avtaledokumentet.

### Tilrettelegging av arbeid i arbeidstakers heim /heimekontor

For å ivareta det fysiske arbeidsmiljøet ved arbeid i arbeidstakers eiga heim, vil arbeidsgivar låne ut kontorutstyr til tilsette. Følgjande utstyr kan lånast ut: PC, tastatur, mus, ein skjerm, øyreklokker (headset med mikrofon), kamera, evt dokkingstasjon eller overgang til PC frå skjerm og kontorstol.

Det er leveranseproblem på noko av utstyret, så for tida må ein finne tilpassa løysingar om ein arbeider heimanfrå.

### Heimekontor og yrkesskadeforsikring

Dei til ei kvar tid gjeldande forsikringsavtaler som er gjort for tilsette i fylkeskommunen vil og gjelde for arbeid i arbeidstakers heim og på heimekontor. Leverandøren Waco har lagt til informasjon om ulykkesforsikring på heimekontoret på kundesidene for tilsette i VLFK. Der finn ein informasjon om personalforsikringar og heimekontor.

Vi tek med oss gode erfaringar med å arbeide digitalt, samstundes som vi no aukar mogelegheiten for å treffast fysisk, noko mange har sakna under pandemien.

Det er viktig at vi som organisasjon har merksemd på dei erfaringar vi gjer med meir fleksibilitet til kor vi arbeidar ifrå. Vi får no ein kombinasjon av kollegaer/leiarar på base- og heimekontor. HR vil følge opp og systematisere erfaringane, og tilrå eventuelle endringar i ordninga frå neste sommar.